



Randi Mjåtvedt  
SAGSTADVEGEN 39  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2989 - 22/31575

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
25.04.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 324/4 Langeland**

Tiltak: driftsbygning/reiskapshus  
Byggjestad: Gbnr: 324/4  
Tiltakshavar: Tore Mjåtvedt  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.04.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket ligg i LNFR område, og søknaden må supplerast med søknad om dispensasjon. Merk at dispensasjonar må nabovarslas, og tiltaket må av den grunn nabovarslas på nytt. Vidare at søknad ikkje skal sendast inn til kommunen før 2 (to) veker etter at nabovarselet er sendt. Dette for at naboar skal ha anledning til å komme med merknader, som De eventuelt skal sende inn i lag med søknaden. Føreligg det merknader til tiltaket skal De også sende inn tilsvaret til dei, vedlagt søknaden. Gjenpart av nabovarsel skal også vedleggast.
1. Dersom det ved riving av eksisterande driftsbygning blir fjerna areal nytta til avkøyrsløype, eller om De ved oppføring av nytt tiltak ikkje kan nytta det eksisterande, må det søkjast om avkøyringsløyve knytt til nytt tiltak.
2. Tiltaket krev ansvarleg føretak ettersom De ikkje er gardsdrivar, og grunna storleiken på tiltaket. Eventuelt kan De søkja om å oppføra bygnaden som sjølvbyggjar.
3. Det må på teikningar førast på OK golv kote høgde, samt kote høgde på møne.
4. Det framkommer slik me forstår på teikning, at det er ynskjeleg å kople på vatn knytt til oppføring av tiltaket? Om så er tilfelle, så må søknaden innehalde søknad om løyve til påkopling,- vatn.
5. Det opplysast i søknaden at tiltaket (bygnaden) er 230 m<sup>2</sup> BRA. Alt uteareal som skal nyttast til parkering/snuplass/veg og eventuelt anna, må medrekast i BYA. Ber om ny berekning som gjeld det nemnte. Samt prosent grad av utnytting, totalt samla.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 06.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Randi Mjåtvedt  
Tore Mjåtvedt

SAGSTADVEGEN 39  
SAGSTADVEGEN 39

5919 FREKHAUG  
5919 FREKHAUG